

Austrheim, 29..08.2023

Austrheim Kommune

Sætremarka 2

5943 Austrheim

AVTALE MELLOM AUSTRHEIM KOMMUNE OG STIFTELSEN FURULY ELDPRESENTER

Ovennevnte avtale vart oppsagt av kommunen frå 2023, etter 10 år. For Stiftelsen har denne avtalen vore ei god og viktig støtte og me ynskjer å inngå ein ny avtale, gjerne med eit mindre økonomiske tilskot.

Furuly Eldresenter har i dag 12 bueiningar for utleige til eldre i Austrheim. 8 av desse er frå 1980-talet og me står føre store utfordringar når det gjeld oppgradering og vedlikehald. Dette gjeld skifting av utvendig kledning, maling, skifting av vindaug og dører, samt oppgradering av særleg kjøkken og bad til dagens standard og krav.

Fram til de siste årene har vedlikehaldet i stor grad vorte utført på dugnad. Dette let seg ikkje gjera lenger og dermed aukar denne kostnaden i lik grad med andre kostnader. Noko av dette må me ta inn att ved å auka leiga.

Stiftelsen Furuly Eldresenter ynskjer å bidra til at eldre i Austrheim får eit godt tilbod når dei ikkje lenger kan bu heime og håpar på eit positivt svar frå Austrheim Kommune.

Viser også til vårt brev av 3. august 2022 som det ikkje er kome svar på.

For Stiftelsen Furuly Eldresenter

Asbjørg Lohne

Leiar